

MANNEN FRÅ LA MANCHA



av **DALE WASSERMAN** Musikk av **MITCH LEIGH** Tekst av **JOE DARION**

Originalproduksjon regissert av **ALBERT MARRE** Nynorsk omsetting av **HARTVIK KIRAN**

Gjestespel i Den Norske Opera & Ballett 12.-14. juni 2022

MANNEN →FRÅ LA← MANCHA

Eit songspel av **DALE WASSERMAN** Musikk av **MITCH LEIGH** Songtekstar av **JOE DARION**

Originalproduksjon regissert av **ALBERT MARRE** Nynorsk omsetting av **HARTVIK KIRAN** Tekstbearbeiding ved **OLA E. BØ**

Muskalsk leing:	Michael Pavelich
Regi:	Aksel-Otto Bull
Scenografi/kostymedesign:	Åse Hegrenes
Maskør:	Ingunn Schumann Mosand
Rekvisitør/scenografassistent:	Anndi Bergset / Ida Bredesen
Koreografi:	Candice Bredesen
Tilskjerar/arbeidsleiar kostyme:	Anne Gotaas
Inspisient:	Johan Henrik Neergaard
Lysdesignar:	Arne Kambestad
Scenemeister:	Kristian Myksvoll Sætren
Repetitør:	Andreas Løken Taklo

ROLLELISTE

Don Quixote:	Espen Langvik
Sancho Panza:	Jan Erik Fillan
Aldonza:	Eli Kristin Hanssveen
Vertshushaldaren:	Trond Gudevold
El Padre:	Erlend Tvinneim
Dr. Carrasco:	Eirik Risholm Velle
Barberen/song i prolog/speglriddarsvein:	Eivind Kandal
Antonia/Fermina:	Elisabeth Gimmestad
Pedro/hest/gitarist:	Simon Pavelich
Anselmo/hest/speglriddarsvein:	Asbjørn Hagen
Maria/Hushalderska til Alonso Quijana:	Rønnaug Torheim
Josè/speglriddarsvein:	Paul Jacob Helgesen
Juan:	Bård Stian Dalseth
Paco/speglriddarsvein:	Håvard Furnes
Kaptein i Inkvisisjonen:	Steffen Haugen
Vakter i Inkvisisjonen:	Berner Midthjell
	Erlend Åshamar Eriksen

OM MANNEN FRÅ LA MANCHA



Mannen frå La Mancha er basert på 1600-talsromannen *Don Quixote* av forfattern Miguel de Cervantes (1547-1616). Cervantes vert sett på som ein av dei største forfattarane i det spanske språket, og verket *Don Quixote*, som vart utgjeve i to bind mellom 1605 og 1615, vert sett på både som den første moderne romanen og som eitt av høgdepunkta i verdslitteraturen. Sjølv levde forfattern størstedelen av livet sitt i fattigdom, mellom anna som soldat i den spanske marinen og som fange hos Ottomanske piratar.

Musikalen *Mannen frå La Mancha* er skriven av Dale Wasserman, med songtekstar av Joe Darion og musikk av Mitch Leigh, og vart framført for fyrste gong i 1965. Den er ein adaptasjon av TV-programmet *I, Don Quixote*, som Wasserman skreiv manuset til i 1959. Broadway-debuten til musikalen i 1965 vann fem Tony-Awards og vart spelt heile 2 328 gongar over seks år.

Songen *The Impossible Dream* frå stykket vart enormt populær, og er mellom anna utgjeven på plate

av Frank Sinatra, Sammy Davis Jr. og Elvis Presley. I 2005 framførde Aretha Franklin songen i gravferda til menneskerettsførekjemparen Rosa Parks.

I stykket møter vi ein aldrande Miguel de Cervantes, som sit i fangekjellaren i Sevilla i påvente av rettaroging ved den spanske Inkvisisjonen.

Medan han er der, set han ved hjelp av medfangar opp eit teaterstykke om den galne riddaren Don Quixote, som eigentleg er godseigaren Alonso Quijana. Han har mist forstanden etter for mykje grubling over menneskets blodige framferd, og no er han altså overtydd om at han er ein riddar. I lag med den trufaste tenaren sin Sancho søker han å rette all urett og finne det gode i ei verd full av mørke og fortviling. Dei legg ut på ei riddarferd som går føre seg like mykje i Quixote sitt hovud som i den verkelege verda. Vindmøller vert til mørkemenn og vertshus til slott, og den slitne vertshusjenta Aldonza vert for Don Quixote den fagre Dulcinea.

Quixote sin umoglege draum om å rette all verdas urett er skildra gjennom komiske og dramatiske forsøk på å sigre over stadig nye fiendar, men ein vert òg djupt bevega av å oppleve den urokkelege idealismen som ligg bak. Quixote insisterer på å sjå det vakre og edle i alle han møter, og han er trufast mot målet sitt om å betre både seg sjølv og den verda han er ein del av. Som Cervantes seier i stykket: den største galskapen er å sjå livet slik det er og ikkje slik det burde vere.

HANDLINGA I MANNEN FRÅ LA MANCHA

Spania, på slutten av 1500-talet. Miguel de Cervantes vert kasta i fangekjellaren i Sevilla, i vente på retts-sak ved Inkvisisjonen.

Medfangane går til åtak, ivrige etter å få tak i eigenlutane til Cervantes, men Sjefen minner dei på at det fyrst skal førast «retts-sak», og han legg beslag på eit manuskript som er verdifullt for Cervantes. Cervantes vil presentere sitt forsvar i form av eit skodespel, med medfangane som medspelarar.

Cervantes skaper seg om til Alonso Quijana, ein aldrande landsens godseigar. Han har grubla så mykje over menneskets blodige framferd at han har mist forstanden. No er han overttydd om at han er riddaren Don Quixote av La Mancha, og at hans oppdrag er å slåst mot all urett. Saman med væpnaren sin Sancho Panza har han lagt ut på riddarferd.

Quixote ser ei vindmølle og mistek den for å vere den vonde trollmannen Matagoger. Han går til åtak og får juling. Quixote innser at dette er fordi han ikkje er vorten slegen til riddar. Dei oppdagar eit vertshus - men Quixote trur det er eit slott. Dei dreg dit, fordi Quixote mellom anna treng ein slottsherre som kan slå han til riddar.

På vertshuset forsøker eseldrivarane å få Aldonza til sengs. Ho avviser alle, men gir til slutt etter og tek imot førehandsbetaling frå Pedro.

Don Quixote kjem inn. Han får auge på Aldonza og erklærer at ho er hans Dulcinea, hans hjartedame.

Samstundes har Antonia - niesa til Alonso Quijana - og hushalderska hans gått til presten for å skrifte. Dr. Carrasco, Antonia sin festarmann, vil helst ikkje gifte seg inn i familien til ein gal mann, men presten overtyder han om at å kurere galskapen til Quixote

vil vere eit vitnesbyrd om hans evner som doktor. Dei set ut for å hente Quixote heim.

Sancho kjem til Aldonza med ein romantisk epistel frå Quixote. Han bed om ei minnegåve - helst eit silkeskjert. Eseldrivarane tergar Aldonza for brevet ho har fått. Pedro avtaler at han og Aldonza skal møtast seinare.

Presten og Dr. Carrasco kjem til vertshuset, men klarer ikkje å snakke Don Quixote til fornuft. Quixote vert distraherert av ein barber som kjem gåande med såpekoppen sin på hovudet. Quixote ser såpekoppen som den gylte hjelmen frå Mambrino.

Quixote ønskjer framleis å verte slegen til riddar. Vertshushaldaren - for Quixote slottsherren - lovar å gje han riddarslaget neste morgon. Quixote held vakenatt i borggarden. Aldonza kjem forbi på veg til Pedro. Ho spør han kvifor han held på som han gjer, og Quixote forsøker å forklare *kallet* han har fått.

Pedro er rasande fordi han må vente og slår til Aldonza. Quixote kjem til hennar forsvar. Quixote, Sancho og Aldonza slost mot Pedro og eseldrivarane og vann. Vertshushaldaren har vakna av bråket. Før han kastar han ut, går han med på å gje Quixote riddarslaget og skjenker han adelsnamnet «Riddar av Ynk og Usseldom».

Aldonza går for å stelle sårå til eseldrivarane i Quixote sin stad, men dei går til åtak og fer ille med henne.

Då Don Quixote og Sancho skal til å forlate vertshuset, treff dei på ei ille medfaren Aldonza. Ein annan riddar kjem brått til. Han dreg fram ein spegel som blendar og forvirrar Quixote. Spegelriddaren tvingar Quixote til å sjå seg sjølv slik andre ser han.

Quixote fell saman, overvunnen.

Alonso Quijana er komen heim. Han er døyande. Når han vaknar, gjev han namnet sitt som Alonso Quijana og trur alt saman har vore ein draum. Det er helst slik hans familie vil ha det.

Aldonza tvingar seg inn i rommet, men Quijana kjenner henne ikkje att. Ho tryglar Quijana om å hugse henne og minner han på *kallet*. Til slutt hugsar han og strevar seg ut av senga. Han bed Sancho komme med rustning og sverd, men det er for seint, og med eit skrik fell han om, død. Sancho er knust, men Aldonza trøystar han og seier at Don Quixote ikkje er død. Når Sancho kallar henne Aldonza svarar ho: «Namnet mitt er Dulcinea».

Her endar spelet om Don Quixote. Miguel de Cervantes vert henta av Inkvisisjonen sine menn, men rekk å få attende manuskriptet sitt frå Sjefen.

MEDVERKANDE



AKSEL-OTTO BULL REGISSØR

Aksel-Otto Bull (1963) er utdanna skodespelar og regissør ved London Academy of Music and Dramatic Art (LAMDA) og Drama Studio London. Han har arbeidd som instruktør for mange teater i Noreg; Den Nationale Scene, Agder Teater, Opera Sør - Kilden, Akershus Teater, Riksteatret, Teater Ibsen, Det Norske Teatret, Hedmark Teater, Nordland Teater og Radioteatret. Han har òg arbeidd med frie grupper og prosjekt og med skodespelarstudentar, og han har regissert nesten 70 produksjonar. Fleire av desse har han i tillegg skrivne eller omsett sjølv. Ved Den Nationale Scene var han teatersjef i 1997 og kunstnarisk leiar fram til våren 1998. Han er òg æresmedlem av Norsk Sceneinstruktørforening.

Som librettist har samarbeidet med komponist Gisle Kverndokk resultert i kammeroperaen *Påske* (Opera Sør/Ad Opera 2014), musikalen *Ruth Maier* (vist på New York Theatre Barn's New Works Series, New York, 2015, og i National Gallery, Washington, 2017) og operaen *Upon this Handful of Earth* som hadde premiere i St. Ignatiuskyrkja i New York i februar 2017. Denne operaen vart òg produsert av Oslo Internasjonale Kirkemusikkfestival i 2019, då med Bull som regissør. Han er for tida i gang med ein ny opera saman med Kverndokk.

MICHAEL PAVELICH DIRIGENT

Michael Pavelich er kunstnarisk leiar i Opera Nordfjord og er utdanna songar og dirigent ved The University of Michigan. Han var ein av initiativtakarane til Opera Nordfjord, og sidan 2000 har han hatt den musikalske leiinga i samtlige produksjonar, m.a. *La Bohème*, *Figaros bryllup*, *Tosca*, *Rigoletto*, *Eugene Onegin*, *Carmen*, *Tryllefløyten*, *Madama Butterfly*, *I Puritani* (*Søner av sola*) og *Sildagapet*. Våren 2009 sette han opp konsertversjonen og verdspremieren av operaen *Tyrfing* av Johannes Haarklou under opninga av Operahuset Nordfjord. Pavelich har hatt dirigentoppdrag for m.a. Oslo Operafestival, Flagstadfestivalen, Operaen i Kristiansund, Ringsakeroperaen og Sogn og Fjordane Symfoniorkester. Sidan 2006 har han hatt det kunstnariske og musikalske ansvaret for dei årlege skulemusikalane ved Eid vidaregåande skule. Michael har hatt regi på *Madama Butterfly*, *Søner av sola* og familieproduksjonane *The Sound of Music* og *Du er god, du, Charlie Brown* og *Annie*, der han forøvrig også song rolla som Daddy Warbucks.



ÅSE HEGRENES SCENOGRAF/KOSTYMEDESIGNAR

Åse Hegrenes er utdanna scenograf og arbeider innan teater og opera. Ho har utdanninga si frå Den Nordiska Scenografiskolan i Finland og Sverige (1989). Etter enda utdanning var ho fast tilsett ved Den Nationale Scene fram til 1992. Åse har arbeidd som scenograf og kostymedesignar ved dei fleste teaterscenene i Noreg og har mellom anna arbeidd med *Dødsvariasjonar* ved Nationaltheatret, *Trollbyen* ved Oslo Nye Teater, *Hellemyrsfolket* ved Den Nationale Scene, *Et dukkehjem* ved Rogaland Teater og *Albert* og *Anna* ved Riksteateret.

Ho har også arbeidd i utlandet, mellom anna ved Theater Asmara i Eritrea, der ho hadde scenografi- og kostymedesign i *Jeppé på Bjerget*, *Solveig von Schultz* ved Lillåteatern i Helsingfors og *Havgudens Gåva* ved Wasa Teater. Åse har hatt scenografi og kostymedesign for 145 produksjonar og har motteke ei rekke prisar, mellom anna Den Norske Teaterlederprisen for *Hellemyrsfolket* ved Den Nationale Scene, Scandinaviaprisen for *Dødsvariasjonar* ved Nationaltheatret og Hedda-prisen for *Saman skal vi leve* ved Sogn og Fjordane Teater.

ARNE KAMBESTAD LYSDESIGNAR

Arne har vore tilsett som lysdesignar ved Den Nationale Scene si lysavdeling sidan 1994. Han har her laga lysdesign til tallause produksjonar, til dømes *Arv og Miljø* (2018), *Det gode menneske fra Sezuan* (2017) og *Vår ære/vår makt* (2016). I tillegg har han vore engasjert av Hordaland teater (m.a. *Andvake* i 2018) og Sogn og Fjordane teater (*Fjordmann* i 2015). Kambestad har bakgrunn frå Grieghallen, der han har arbeidd med alt frå konferansar til konsertar og ballett.



CANDICE BREDESEN KOREOGRAF

Candice har ein brei og omfattande bakgrunn med over 19 års undervisningserfaring innan ulike danseteknikkar, drama, regi og koreografi i produksjonar innan opera, ballett og teater, til dømes *Tornerose*, *Macbeth*, *Othello* og *Doktor Faustus*. Candice kjem frå England og har vore ballettpedagog ved Eid Ballettskule sidan ho starta den i 2005. Ho har si utdanning frå The Royal Ballet School og Hammond School of Dance and Education og har vunne ei rekkje prisar både som dansar og koreograf, m.a. har ho to gongar vunne koreografiprisen for The Dancing Times Challenge. Ho har vore koreograf for alle skulemusikalane ved Eid VGS og for fleire operaer og musikalar for Opera Nordfjord, m.a. *Carmen*, *Hertuginna av Chicago*, *Eugene Onegin*, *The Sound of Music*, *Annie*, *Hans og Grete* og for balletten *Natteknakkaren* i 2013, som hadde stor suksess. Ho er til dagleg danselærer i Kulturskolen i Stad.

INGUNN SCHUMANN MOSAND MASKØR

Ingunn Schumann Mosand vart utdanna frisør i 2010 og maskør- og parykkmakar med sveinbrev frå Den Norske Opera og Ballett i 2012. Ho arbeidde ved Den Norske Opera & Ballett til 2013, og frå 2013 til 2015 var ho tilsett som maskør og parykkmakar ved Kungliga Operan i Stockholm. I 2015 vart ho tilsett ved Nationaltheatret, der ho har vore maskør på *Karsten og Petra - alle vil ha en bestevenn*, *Den stundesløse*, *Reisen til julestjernen*, *Nostalgi 2175* og *Marispelet* i 2013 og 2017. Ingunn har tidlegare hatt maskeansvar for Opera Nordfjord i *La Bohème* og *Hans og Grete*.



ANNDI BERGSET REKVISITØR

Anndi Bergset kjem opprinnelig frå USA, men er stolt av sitt doble statsborgarskap. Ho har budd i Noreg sidan 2013 saman med mannen sin på Ulvedal. Anndi fekk sin bachelorgrad i kunsthistorie frå Gustavus Adolphus College i Saint Peter i Minnesota og mastergrad i teaterdesign frå Tulane University i New Orleans i Louisiana. Ho er veldig glad for å få bruke utdanninga si i oppdrag for Opera Nordfjord og har hatt engasjement ved operaen nesten alle åra ho har vore i Noreg. Når Anndi ikkje arbeider for operaen om hausten, driv ho klesbutikken Xtra Lekker i Stryn.

ESPEN LANGVIK DON QUIXOTE

Espen Langvik gjesta Opera Nordfjord fyrste gong i 2001, som Belcore i *Elskovsdrikken*. Seinare kom han attende som Figaro i *Figaros Bryllup*, Danilo i *Den Glade Enke*, og tittelrolla i *Eugen Onegin*. Espen var ein del av det faste solistensemblet ved Den Norske Opera og Ballett frå 2009 til 2017. Der song han roller som Greven i *Figaros Bryllup*, Figaro i *Barberen i Sevilla*, Tarquinius i *The Rape of Lucretia* og Benjamin Sigismund i Gisle Kverndokks storslagne opera *Den Fjerde Nattevakt*. I dag arbeider Espen som operasjef i Arktisk Filharmoni, og Opera Nordfjord takkar Arktisk Filharmoni for «utlån» av operasjefen!



ELI KRISTIN HANSSVEEN ALDONZA

Eli Kristin har vore solist hos den Norske Opera og Ballett sidan 2007. Hennes unike musikalske talent har bana veg for ei ekstraordinær karriere. Ho har ein mangfaldig bakgrunn og meistarar i tillegg til operarollene fleire musikkjangerar, musikalteater og skodespel. I 2013 song ho seg inn i hjarta til det norske folk gjennom TV-programmet *Stjerneekamp*. Nyleg har Eli Kristin mellom anna sunge Violetta i *La Traviata*, Pamina i *Tryllefloyten*, Musetta i *La Bohème*, Woman i *Elysium* og Liù i *Turandot*. Ho har vunne ei rekke prisar og vart i 2009 den fyrste songaren til å motta Tom Wilhelmsen Stiftelse Opera & Ballettpris for «sitt særskilt talent og fremragende kunstneriske innsats». Eli Kristin har skipa operafestivalen Operafest Røykenvik, der ho er kunstnarisk leiar. Festivalen gjekk av stabelen for fyrste gong i 2018.

JAN ERIK FILLAN SANCHO PANZA

Jan Erik kjem frå Porsgrunn og har utdanninga si frå Barratt-Dues Musikk institutt og Statens Operahøgskole, der han vart uteksaminert våren 2003. Han har hatt fleire engasjement og roller for Den Norske Opera, Operaen i Kristiansund, Ringsakeroperaen og Opera Østfold, og han har vore å sjå på scena i Opera Nordfjord mange gonger før, mellom anna i *Jegerbruden*, *Tryllefloyten* og *Flaggermusen*. Av roller Jan Erik har gjort kan nemnast Alfredo Germont i *La Traviata*, Nemorino i *Elskovsdrikken*, Max i *Jegerbruden*, Gabriel von Eisenstein i *Flaggermusen*, Don Ottavio i *Don Giovanni* og Orfeus i *Orfeus i Underverdenen*. Han har motteke Porsgrunn kommunes kulturpris, Ruud-Wallenberg stipend, Statens kunstnerstipend og Erling Krogh sangerlegat.



TROND GUDEVOLD VERTSHUSHALDAREN

Trond er utdanna ved Barratt Dues Musikk institutt som faglærer og utøvande klarinettist og ved Statens Operahøgskole i Oslo. Han har vore bassolist i Tyskland ved operahusa i Münster og Kiel. Trond har samarbeidd med regissørar som Ronald Rørvik, Stein Winge og Svein Sturla Hungnes. Han har sunge med dei fleste profesjonelle symfoniorkestra i Noreg, og han syng jamleg kyrkjemusikk som *Messias* (Händel) og *Juleoratoriet* av Bach. I 2008 hadde han hovudrolla i *Jeppe på Bjerget* ved Operaen i Kristiansund. Dette er den 10. gongen Trond gjestar Opera Nordfjord, og tidlegare har han mellom anna hatt roller i *Jegerbruden*, *Eugen Onegin*, *Tryllefloyten* og *Flaggermusen*.

EIRIK RISHOLM VELLE DR. CARRASCO

Eirik kjem frå Ørsta og er ein norsk skodespelar med utdanning frå Guildford School of Acting i England. Han debuterte med monologen *Ikke forlat meg* på Brageteatret i 2014, til strålende kritikkar. Eirik har seinare medverka i fleire film- og TV-seriar, teateroppsettingar, reklamefilmjar og musikalar. Han er til dømes å sjå i den populære NRK-serien *Heimebane* og i filmen *Fjols til Fjells* som hadde kinopremiere 21. februar 2020. Eirik har både stått på ski og spelt piano frå han var 5 år gammal og er fullstendig fotballidiot.



ERLEND TVINNEREIM EL PADRE

Erlend er fødd og oppvaksen i Bergen, men har Nordfjord i blodet. Han har utdanning frå Griegakademiet og Hochschule für Musik i Zürich. Erlend har vore tilsett som solist ved Operaen i Basel og Grand Théâtre de Genève der han m.a. har gjort roller som Oronte i Händels *Alcina*, Ruodi i *Guillaume Tell* og Styrmannen i *Den Flygende Hollender*. Gjennom dei siste åra har Erlend etablert seg som ein internasjonalt ettertrakta opera- og konsertsongar og han har vore å sjå på scener som til dømes Staatsoper Hamburg, Szeged National Opera, Ho Chi Minh City Opera, Theater St. Gallen, Arctic Symphony Opera og Bergen Nasjonale Opera. Han har eit breitt repertoar som omfattar Bachs pasjonar og messer, samt oratorium av Händel, Haydn, Mozart og Beethoven. Erlend har også gjort samtidsverk, mellom anna Knut Vaages opera *Veslefrikk*, og han song hovudrolla i Lea Auerbachs *The Blind* under Trondheim internasjonale kammermusikkfestival i 2013.

ELISABETH GIMMESTAD ANTONIA OG FERMINA

Elisabeth Gimmestad er frå Gloppen, bur i Oslo og jobbar som frilansar. Dette er tredje gong ho syng ved Opera Nordfjord, og ho var seinast med i fjor - då som Fe i *Hans og Grete*. Ho har songutdanning frå Universitetet i Stavanger, musikkonservatoriet Santa Cecilia i Roma og ein master frå Norges Musikkhøgskole. I tillegg til å syngje ved Opera Nordfjord, har Elisabeth òg hatt roller i fleire produksjonar for Bergen Nasjonale Opera og Oslo Operafestival. Elisabeth har sunge og dansa på scena sidan ho var lita og er glad i å lage eigne framsyningar og konsertar.



EIVIND KANDAL BARBEREN

Eivind kjem frå Kandal i Nordfjord. Han avslutta si utdanning ved Operaakademiet i København våren 2017, men debuterte som operasjonar allereie i 2012 i operaen *Querini* på Øya Røst i Lofoten. Han debuterte på Det Kongelige Teater i København som Gastone i *La Traviata* i 2015, og sesongen 17/18 var han solistpraktikant ved Den Norske Opera & Ballett. I 2017 debuterte han på Opera Nordfjord som Håkon i framsyninga *Sildagapet*, og i 2018 hoppa han inn på kort varsel som Rudolfo i *La Bohème*. Eivind har vore solist i ei lang rekkje kyrkjemusikalske verk og samtidsverk, både internasjonalt og heime i Noreg. I tillegg har han vore med på å produsere og framføre ei rekkje framsyningar og konsertar som har turnert rundt i både Aust-, Vest- og Nord-Noreg. Eivind og sambuaren Torstein Kollevåg driv Sølvane Gard i Kandal, der dei arrangerer operakonsertar og ei mengd andre kulturelle arrangement.



SIMON STANDAL PAVELICH PEDRO

Simon har vore aktiv i opera- og teatermiljøet på Eid og elles i fylket med roller i *Grease*, *Rent*, *Fame* og fleire roller i Opera Nordfjord sine produksjonar, mellom anna *Norge-Brasil*, *ein opera*, *Flaggermusen* og *Hoffmanns Eventyr*. I 2015 spelte han rolla som Anton i krigsdramaet *Staveneset. Krig* i regi av Jeff Pedersen Productions. Han har tidlegare studert teater ved Rose Bruford College i London og er nyleg uteksaminert frå BRICCT i Brighton, England.

ASBJØRN HAGEN ANSELMO

Asbjørn er 24 år gammal og utdanna musikalartist frå Balettakademien i Göteborg. Han er fødd og oppvaksen på Nordfjordeid og har gjennom oppveksten vore veldig aktiv i kulturlivet i bygda. Han har medverka i fleire operaer ved Opera Nordfjord, mellom andre *Carmen* og *Tryllefloyten*. Dei fleste kjenner han kanskje att frå skulemusikalane *Hairspray*, *Legally Blonde* og *Spelemann på Taket* på Eid vidaregåande skule. Etter vidaregåande gjekk Asbjørn musikkteaterlinja på Romerike Folkehøgskule – noko som inspirerte han til å satse på musikaltraumen. Asbjørn sitt seinaste prosjekt var i Stockholm og musikalen *Witches of Eastwick* med Peter Jöback i hovudrolla, og våren 2019 spelte han i musikalen *Ghost* i København og på turné i Danmark.



RØNNAUG TORHEIM MARIA

Rønnaug bur i Hundvik og er til dagleg småbrukar og kokk. Den første operaen ho var med på var *Carmen* i 2009, og sidan har ho vore mykje å sjå på scena hjå Opera Nordfjord. Ho har vore med i *Madama Butterfly*, *Fotballoperaen* og *Tryllefloyten* - der ho også var med på gjestespelet i Bjørvika - og *Søner av Sola*. Ho har òg vore med på turné med *Verdis Requiem* og *Bethovens 9. symfoni* og deltok både i *The Sound of Music* og *Sildagapet*.

PAUL JACOB HELGESEN JOSÉ

Paul Jacob bur og arbeider på Nordfjordeid. Han har vakse opp i Selje i ein stor syskenflokk som i dag utgjer *Helgesenkoret*. Sidan 2006 har han spelt kong Olav Tryggvason i spelet *På Sverdegga* på historiske Dragseidet. Det fyrste han var med på hos Opera Nordfjord var konsertoppsettinga av *Tyrfing*. Dette var også hans første møte med Eid Mannskor, der han sidan har vore medlem. Seinare har han vore med på *Sildagapet* og *La Bohème*.





BÅRD STIAN DALSETH JUAN

Bård Stian har vakse opp i Hjelmelandsdalen og kjem frå ein musikalsk familie både på fars- og morssida. Han er far til ei dotter på 11 år og arbeidar som trefellar og maskinførar. Bård Stian syng i Eid mannskor, har vore med på *Elskhug og Eksis* to gongar og har vore med på Opera Nordfjord sine produksjonar *Opera i Kyrkja* og *Annie*, der han spelte rollene som Mr. Bundles og McCloskey.

HÅVARD FURNES PACO

Håvard er 27 år og kjem frå øya Giske på Sunnmøre. Han likar sang, musikk og friluftsliv, og har tidlegare spela rollene som Bert Healy og Morgenthau i Opera Nordfjord si oppsetting av *Annie*.



STEFFEN HAUGEN KAPTEIN I INKVISISJONEN

Steffen Haugen (f.1992) er ein skodespelar frå Orkland som fullfører sin bachelorgrad i skodespel ved Høyskolen Kristiania våren 2022. Han har tidlegare ein bachelor i drama og teater frå Høgskulen i Volda og to år frå Musikkteaterhøyskolen. Steffen har medverka i små og store produksjonar for både scene og film.

ORKESTER

Operaorkesteret er sett saman av distriktsmusikarar, musikk lærarar og musikkstudentar frå fylket vårt og frilansarar.

FLØYTE

Helga Lied Wyrzt
Rebecca Smilovski

OBO

Jan Eivind Aspen

KLARINETT

Aksel Hovdar

FAGOTT

Ingrid Åhlander Bennett

HORN

Rune Brodahl
Magnhild Tafjord

TROMPET

Per Håkon Sandnes Oftedal
Julia Gåsvær

TROMBONE

Ann Karin Wendelborg Ose
Leif Aslaksrud

GITAR

Ingrid Lyslo
Benjamin Jakobsen Søreide

KONTRABASS

Steinar Haugerud

SLAGVERK

Thomas Aanonlie
Andreas Bergset
Elias Eikenes Osland

DUGNAD GJESTESPEL

Kulissar/rigging: Jørgen Bergset, Emmanuel Sadorge, Andreas Bergset, Christopher Sadorge, Christopher Pavelich, Åsmund Dæhlen, Thale-Kristin Stalengen

Rekvisittar: Ida Bredesen **Kostyme/påkledarar:** Anne Sønderland, Inger Øyre, Anne Kirsti Noste, Adrian Hustveit Kronstad **Maske:** Berit Adelsten Engebretsen, Qusai Alhalawany

Ein særskild takk til elevar og lærarar ved Eid vidaregåande skule for det gode samarbeidet:
VG2 Industriteknologi - VG2 Industriell møbelproduksjon - VG2 interiør og utstillingsdesign - V2 frisør

TAKK TIL VÅRE OFFENTLEGE BIDRAGSYTARAR FOR STØTTE I MANGE GODE ÅR



EIN STOR TAKK TIL VÅR HOVDSPONSOR SPAREBANKEN VEST



Opera Nordfjord

Vi ynskjer lykke til med framsyningane

Skal vi ta vare på alt det verdifulle vi har her på Vestlandet, må vi gjere det saman – for saman gjer vi det betre.

#sammengjørvidetbedre

 SparebankenVest



[/operanordfjord](#)

operanordfjord.no